

Heiplanen

Fyresdal skogeigarlag meiner det er viktig å sikre leveområda til villreinen og håpar Heiplanen kan vera eit viktig bidrag i så måte. Me ventar også at Heiplanen vil sikre rom for næringsutvikling på bygdene, og at ein i det som er kalla omsynssone for bygdeutvikling kan få ei enklare og raskare behandling av byggesøknader. Her skal omsynet til villreinen vera avklara med Heiplanen.

Skogeigarlaget har ingen særlege merknader til den føreslegne grensa for nasjonalt villreinområde i Fyresdal, men synes overgangen mellom nasjonalt villreinområde og område for bygdeutvikling verkar brå i delar av villreinområdet på Setesdalssida. Det gjeld særleg sør for vegen frå Åraksbø til Årdalen, der ei omsynssone til villrein med krav om konsekvensutgreiing synes meir naturleg.

Det er viktig å prioritere trekkområde, og me vil særleg peike på behovet for å sikre trekkvegar over riksveg 42 ved Bjørnevatn. Heiplanen synes noko uklar på dette punktet. Me håpar Heiplanen vil føre til at planar om fortetting og oppgradering av hyttefelt i vestenden av Bjørnevatn blir kraftig redusert. Dersom utbyggingsplanane blir gjennomført er me redd for at dette kan føre til at villreintrekket mellom sør og nordområdet i Setesdal Austhei kan bli stengt for godt.

I arealbrukskartet for villrein var det tidlegare lagt inn trekkvegar også over Birtedalsvegen i Ljosdalen. Dei er nå tekne bort og eit belte langs vegen er markert som sone for bygdeutvikling. Me meiner tilhøvet til villreininteressene ikkje er avklara i dette området, og vil av omsyn til villreinområdet vidare sørover på austsida av Nesvatn rå i frå at det blir gitt rom for meir hyttebygging her. Vidare hytteutbygging bør konsentrerast i tilknytning til eksisterande hytteområde ved Birtevatn.

Me vil generelt åtvare mot å legge for stor vekt på at reinen i Setesdalsheiane er av tamreinopphav. Det er noko reinen her har til felles med dei fleste andre villreinstammene i Noreg, inkludert Hardangervidda. Forsking har vist at reinen sin oppførsel i stor grad blir bestemt av reinen si erfaring med menneske som jeger og predator, og ikkje bare av genar. Derfor vil det vera nødvendig med tiltak som kan kanalisere ferdsel og anna aktivitet på ein måte som er til minst mogleg sjenanse for reinen. Simler med kalv (fostringsflokkar) er varare enn bukkane og brukar ofte andre delar av området. Arealbruken vil også variere med årstid og slitasje på vinterbeitet. Det betyr at villreinen er arealkrevjande og ekstra utfordrande for forvaltninga.

Villreinen er ein viktig ressurs for bygdene, både som jaktobjekt og som opplevingsverdi. Med ei fornuftig arealforvaltning vil ein kunne sikre at denne ressursen vil bidra til større verdiskaping og glede også i framtida. For Fyresdal sin del ser me få konflikhtar med den planen som nå er lagt ut til høyring. Det er også i samsvar med Heiplanen si vurdering.

Helsing styret i Fyresdal skogeigarlag 5.10.2011.